

Lavendel (*Lavendula angustifolia*), prøvedyrka på indre Østland 2002-2004

Gunhild Børtnes og Ruth Mordal, Planteforsk Apelsvoll forskingssenter, avd. Kise

E-post: gunhild.bortnes@planteforsk.no

Sammendrag

Fire sortar av lavendel har vore prøvd på Planteforsk Kise frå 2002 til 2004. Overvintringa på indre Østland var langt betre enn vi hadde forventa. Best var ein klon frå ein privathage i Sogn. Denne overvintra 100 %, hadde høgast tørrstoffavling, høgast oljeinnhald og den beste samansetninga av komponentar i den eteriske olja.

Innleiing

Lavendel høyrer til leppeblomstfamilien. Lavendel kjem av det latinske `lavo` som betyr å vaska. Frå tidlege tider vart lavendel brukt i badevatnet. Fleire artar finst viltvoksende i vestlege middelhavsområder og i Alpene. Benediktinermunkane inførte lavendel nord for Alpene. *Lavendula angustifolia* vert brukt i kosmetikken og i naturmesisinen og vert kalla ekte lavendel. Det er blomsten som vert nytta til den

kostbare lavendeloljen. Som krydder blir lavendel brukt helst i blandingar med andre krydderurter. Det er då den storvokste lavendelen (*L. latifolia*) frå Alpane som ofte vert brukt.

Lavendel blir også nytta som staude, men har vore rekna som lite herdig i vårt klima. Målet med prøvedyrkinga var å registrera overleving og avlingsnivå hjå fire sortar av lavendel.



Figur 1. `Hidcote Blue` på Planteforsk Kise hausten 2004. Feltet vart planta i 2002. Foto: G. Børtnes

Gjennomføring

Fire sorter av lavendel vart planta på Planteforsk Kise i Hedmark sommaren 2002. Det var ein kraftigveksande klon utan oppgitt navn frå ein privathage i Sogn, og `Hidcote Blue`, `Rosea` og `Munstead` som vart innkjøpt i hagesenter. Feltet vart planta på svart plast med radavstand 65 cm og planteavstand 25 cm. Feltet var dekket med fiberduk om vintrane. Denne vart fjerna 13. mai i 2003 og 6. mai i 2004. Tørrstoffavling i 2003 og 2004 vart målt, og i 2003 vart oljeinnhaldet analysert ved

Plantebiosenteret NTNU i Trondheim. Det vart registrert overvintring våren 2003 og 2004.

Resultat 2003 og 2004 for overvintring og tørrstoffavling

For overvintring har klonen frå Sogn klart seg best med 100 % overvintring, men `Rosea` hadde også klart seg godt etter to vintrar, tabell 1.

Klonen frå Sogn hadde klart høgast avling. `Munstead` var nummer to medan `Rosea` og `Hidcote Blue` hadde langt lågare tørrstoffavlingar, tabell 2.

Tabell 1. Overvintring 2002-2003 og 2003-2004

Sort	Prosent overvintring 2002 -2003			Prosent overvintring 2003 -2004		
	God vekst	Dårlig vekst	Døde	God vekst	Dårlig vekst	Døde
Klon frå Sogn	100	0	0	97	3	0
`Hidcote Blue`	56	28	16	61	3	36
`Rosea`	88	6	6	94	0	6
`Munstead`	83	3	14	83	0	17

Tabell 2. Tørrstoffprosent og tørrstoffavling 2003 av overjordiske plantedelar

Sort	Tørrstoff %	Tørrstoffavling gram per plante	Oljeinnhold mg/100 g
Klon frå Sogn	28	11,4	1,13
`Hidcote Blue`	24	2,7	0,45
`Rosea`	25	3,1	0,98
`Munstead`	24	7,7	0,60



Figur 2. Lavendel hausta i september 2003. Frå venstre: nr. 1 er klon frå Sogn, nr. 2 er `Hidcote Blue`, nr. 3 er `Rosea` og nr. 4 er `Munstead`. Foto: G. Børtnes

Tabell 3. syner at det var mindre skilnad i tørrstoffavling sommaren 2004 enn i 2003. Berre `Rosea` skilde seg ut med å ha lågare avling enn dei andre.

Tabell 3. Tørrstoffprosent og tørrstoffavling 2004. Middell av hausting 7. juli og 3. september

Sort	Tørrstoff %	Tørrstoffavling gram per plante
Klon frå Sogn	25	17,6
`Hidcote Blue`	25	17,7
`Rosea`	25	13,2
`Munstead`	28	16,9

Resultat for oljeinnhald 2003

Høgast oljeinnhald i tørka materiale hadde klonen frå Sogn med 1,13 milligram olje per 100 gram tørrstoff. Minst hadde `Hidcote Blue` med 0,45 milligram.

Generelt var linalool/linalyl acetate nokon av dei viktigaste stoffa i dei undersøkte prøvane. Særleg dominerte linalool i klonen frå Sogn (36 %) og i sorten `Rosea` (32 %).

Også med omsyn til samansetning av komponentar i olja var klonen frå Sogn den beste. Den hadde svært lite ketonar og mange gode typar av ester, og låg difor nær opp til ekte fransk lavendel.

`Hidcote Blue`, som hadde minst oljeinnhald hadde flest komponentar i olja (46 komponentar). `Munstead` hadde 42 komponentar, medan `Rosea` hadde 34 og klon frå Sogn berre 26 komponentar.



Figur 3. Klon frå Sogn hausten 2004. Foto: G. Børtnes

Arbeid framover

I 2004 planta vi ut to nye sortar . Den eine med navnet `Lady` frå B&T i Frankrike og ein sort med navnet `Budakalassii -80` frå Ungarn. Desse sortane vil bli følgde opp seinare med registreringar.

Diskusjon:

Lavendel har vore rekna som lite hardfør, og difor lite eigna for dyrking i Norge. Men det finst i alle fall to dyrkarar på Sørlandet som dyrkar lavendel som ein viktig del av produksjonen. Resultata våre syner at overvintringa kan vera svært god også på Indre Østland.

Sorten `Hidcote Blue` som er mykje brukt som prydplante, hadde dårlegast overvintring. Den sorten hadde den kraftigaste blåfargen av dei sortane vi prøvde, sjå bilde 1 og 2. Sorten er også mykje brukt til blomstrande potteplante og som materiale til olje (Grower 2001).

Den sorten som hadde mest olje hjå oss var klonen frå Sogn. Sidan denne hadde svært god overvintring og også god blåfarge burde denne vera eit alternativ også som staude for norske tilhøve.

Konklusjon:

Overvintringa av dei sortane vi har prøvd på Planteforsk Kise i Hedmark frå 2002 til 2004 har vore betre enn vi hadde forventa. Klonen frå Sogn med 100 % overvintring og `Rosea` har klart seg svært godt.

Sorten `Hidcote Blue` som hadde flest komponentar i olja frå tørka materiale, hadde dårlegast overvintring og lågast avling. På kalkholdig lett jord kan lavendel dyrkast over eit større klimaområde enn ein tidlegare har tilrådd. Svært lovande er klonen frå Sogn som ligg nær fransk lavendel når det gjeld komponentar i den eteriske olja forutan at den overvintrar godt.

Kjelder

Focus on lavender. 2001. Grower. May 24. s 16-17.

Lindner, U. 1987. Unsere Küchenkräuter. Lavendel (*Lavendula angustifolia* Mill) Gemüse 1: s 12.

Phalow, M. 2000 Das Grosse Buch der Heil Pflanzen. Gesund durch die Heilkeäfte der Natur. Bechtermünze Verlag. ISBN 3-8289-5. 526 sider.

Ansvarlig redaktør:
Forskningsdirektør Arne Stensvand

Fagredaktør denne utgaven:
Forskningsleder Steinar Dragland